



## MØTEBOK

<b>Organ</b>	<b>Fylkesutvalet</b>
<b>Møtestad</b>	<b>Leikanger - Fylkeshuset, møterom Sygna</b>
<b>Møtedato</b>	<b>02.10.2019</b>
<b>Kl.</b>	<b>10:00 – 11.05 og 12:00 – 16:00</b>

**Faste medlemer til stades:**

**Jenny Følling, Sp**  
**Sigurd Reksnes, Sp**  
**Aleksander Øren Heen, Sp**  
**Trude Brosvik, KrF**  
**Åshild Kjelsnes, Ap**  
**Hilmar Høl, Ap**  
**Helen Hjertaas, Ap**  
**Bjørn Erik Hollevik, H**  
**Gunhild Berge Stang, V**

**Til stades med møte- og talerett:**

**Fylkesrådmann Tore Eriksen**

**Sekretariat for møtet:**

**Svein Hågård og Marit Silje Husabø**

Det var ingen merknader til innkalling og sakliste.

Fylkesutvalet valde fylkesordføraren og Helen Hjertaas til å godkjenne møteboka på vegner av organet.

I sak 73/19 vart fylkesutvalet utvida med nestleiaren i hovudutvalet for opplæring, Alfred Bjørlo, jf. § 6 i vedtekten for Marint Rekrutterings- og kompetansehevingsfond, Sogn og Fjordane.

*Munnlege orienteringar og avklaringar:*

Seniorrådgjevar Merete Farstad og rådgjevar Staffan Hjohlman ved nærings- og kulturavdelinga orienterte om vassforvaltningsarbeidet i vassregion Sogn og Fjordane.

Fylkesordføraren orienterte om at ho har fått ein førespurnad frå TV-aksjonen 2019 som ønskjer å auksjonere bort Sogn og Fjordane-vegskilt. Fylkesutvalet sluttar seg til fylkesordføraren si negative haldning til førespurnaden.

Hilmar Høl tok opp at idrettslag – og andre frivillige lag og organisasjonar - vert påført langt høgare utgifter til ferjer etter at betalingskonseptet «AutoPASS for ferje» har erstatta ordninga med verdikort og storbrukarkort. Fylkesordføraren skal følgje opp saka overfor Sogn og Fjordane idrettskrins og Vestlandsrådet.

Trude Brosvik fekk svar frå fylkesordføraren på spørsmål om status når det gjeld ledig tannlegestilling i Gulen og Solund.

Fylkesrådmannen orienterte om at han ikkje tek sikte på å leggje fram for fylkesutvalet ei høyringsfråsegn vedkomande framlegget til ny prehospital plan for Helse Førde.

## Møtebok Fylkesutvalet 02.10.2019

Fylkesutvalet legg opp til å kome tilbake til ei fråsegn til NOU 2019:16, Skattlegging av vannkraftverk, i det førstkomande møtet.

**SAK 73/19      Tildeling 2019 MAREKO (Marint Rekrutterings- og kompetansehevingsfond)**

**VEDTAK:**

1. Fondsstyret for Marint rekrutterings- og kompetansehevingsfond (MAREKO) konstaterer at begge søknadene til fondet er godt forankra i partnarskapen gjennom godkjent handlingsplan for Regional plan for verdiskaping, og er i tråd med det som næringa ser på som si største utfordring: Å auke rekrutteringa til yrke i marin sektor. Søknadene er i tråd med vedtekten til MAREKO.
  2. Fondsstyret vurderer søknaden frå Måløy vidaregåande skule om midlar til «forprosjekt Akvahall» som eit særskilt tiltak for å vidareutvikle det marine opplæringstilbodet ved skulen. Det vert løyvd kr. 1 000 000 til gjennomføring av forprosjektet. Dette er same sum som omsøkt.
  3. Prosjektet «Utvikling akvakulturutdanning 2019-2020» famnar om gode tiltak som på sikt kan å bidra til vidareutvikle opplæringstilbodet, auke rekrutteringa, og gje skulen eit meir visuelt marint og maritimt preg. Fondsstyret løyver kr. 1 035 000 til prosjektet. Dette er kr. 300 000 mindre enn omsøkt, då ein i denne omgang ikkje finansierer aktiviteten «Marin og maritim næringsklynge».
- 

**SAK 74/19      Endring av vedtekten til Stiftinga Sogn og Fjordane Næringsutvikling**

**Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:**

Fylkesutvalet sluttar seg til styret sitt forslag til endringar i vedtekten til Stiftinga Sogn og Fjordane Næringsutvikling, jf. vedlegg 1, men gjer forslag om følgjande klargjeringar:

- I § 1:  
«Stiftinga er etablert av Sogn og Fjordane fylkeskommune som frå 01.01.20 har gått inn i Vestland fylkeskommune».
- I § 4:  
«Valretten ligg til fylkeskommunen. [...] Fylkeskommunen vel leiar og nestleiar».
- I § 8:  
«Fylkeskommunen er høyringsinstans med omsyn til endring av vedtekter for stiftinga. [...] Fylkeskommunen er høyringsinstans med omsyn til eventuell oppløysing, fusjon eller fisjon.»

**Endringsframlegg:**

**Venstre** sette fram slikt framlegg:

Fylkesutvalet tilrår at vedtekten ikkje krev at styremedlemmer må arbeide i Sogn og Fjordane.

**Avrøysting:**

Framlegget frå Venstre og tilrådinga frå fylkesrådmannen vart samrøystes vedtekne.

**Dette gir følgjande VEDTAK:**

Fylkesutvalet sluttar seg til styret sitt forslag til endringar i vedtekten til Stiftinga Sogn og Fjordane Næringsutvikling, jf. vedlegg 1, men gjer forslag om følgjande klargjeringar:

- I § 1:  
«Stiftinga er etablert av Sogn og Fjordane fylkeskommune som frå 01.01.20 har gått inn i Vestland fylkeskommune».
  - I § 4:  
«Valretten ligg til fylkeskommunen. [...] Fylkeskommunen vel leiar og nestleiar».
- Fylkesutvalet tilrår at vedtekten ikkje krev at styremedlemmer må arbeide i Sogn og Fjordane.
- I § 8:  
«Fylkeskommunen er høyringsinstans med omsyn til endring av vedtekter for stiftinga. [...] Fylkeskommunen er høyringsinstans med omsyn til eventuell oppløysing, fusjon eller fisjon.»
- 

## **SAK 75/19 Endring av vedtekten til Stiftinga Innvik Næringsutvikling**

### **VEDTAK:**

Fylkesutvalet sluttar seg til styret sitt forslag til endringar i vedtekten til Stiftinga Innvik Næringsutvikling.

---

## **SAK 76/19 Skiping av IT-forum Vest**

### **VEDTAK:**

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune deltek i skipinga av IT-forum Vest og vidarefører fylkeskommunen sitt medlemskap frå IT-forum Sogn og Fjordane.
  2. Fylkesrådmannen får fullmakt til å representere Sogn og Fjordane fylkeskommune ved skipinga.
  3. Administrativ representasjon i styret blir vidareført som i dag.
  4. Medlemskap og økonomisk støtte etter 31.desember 2019 blir å vurdere av Vestland fylkeskommune på eit seinare tidspunkt.
- 

## **SAK 77/19 Avvikling av Sogn og Fjordane Revisjon IKS**

### **VEDTAK:**

#### **Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjøre slikt vedtak:**

Sogn og Fjordane fylkeskommune er samd i at Sogn og Fjordane Revisjon IKS blir avvikla frå og med 31.12.19, men slik at årsrekneskapen for driftsåret 2019 blir revidert av selskapet.

---

**SAK 78/19      Sogn og Fjordane fylkeskommune sin eigarskap i Sogn og Fjordane Energi AS - justering av aksjonæravtale, vedtekter og gavebrev**

**Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:**  
**Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

1. Fylkestinget godkjenner vedlagde aksjonæravtale og vedlagte gavebrev, jf. vedlegg 1 og 3.
2. Fylkestinget sluttar seg til at Sogn og Fjordane Holding AS endrar vedtekten sine i samsvar med vedlegg 2.

----//----

Fylkesutvalet fann Hilmar Høl inhabil til delta ved handsaming av saka, jf. forvaltningslova § 6 første ledd, bokstav e), nr. 2.

----//----

**Endringsframlegg:**

**Senterpartiet, Venstre og Kristeleg Folkeparti** sette fram slikt framlegg til ny formulering i vedtekten § 5:

Selskapet skal ha eit styre med fem medlemar. Styremedlemane tenestegjer i fire år. Styreleiaren skal ha folkeregistrert adresse i det geografiske området Sogn og Fjordane slik grensene var før 1. januar 2020. To av medlemene veljast av eigarane av aksjeklasse B. Minst ein av medlemene som vert valde av eigarne av aksjeklasse A, skal ha folkeregistrert adresse i det geografiske området Sogn og Fjordane slik grensene var før 1. januar 2020.

Selskapet sin styreleiar åleine teiknar firmaet.

**Arbeidarpartiet** sette fram slikt framlegg til alternativ formulering i 3. setning i framlegget frå Senterpartiet, Venstre og Kristeleg Folkeparti:

Styreiar skal ha folkeregistrert adresse i det geografiske området Sogn og Fjordane slik grensa var før 1. januar 2020 og representere aksjeklasse A.

**Avrøysting:**

Åshild Kjelsnes og Helen Hjertaas røysta for framlegget frå Arbeidarpartiet, og framlegget vart forkasta.

Deretter røysta alle medlemene i fylkesutvalet for framlegget frå Senterpartiet, Venstre og Kristeleg Folkeparti.

Fylkesrådmannen si tilråding, med endringa som vist ovanfor, vart samrøystes vedteken.

**Dette gir følgjande VEDTAK:**

**Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

1. Fylkestinget godkjenner vedlagde aksjonæravtale og vedlagte gavebrev, jf. vedlegg 1 og 3.
2. Fylkestinget sluttar seg til at Sogn og Fjordane Holding AS endrar vedtekten sine i samsvar med vedlegg 2, men med følgjande ny formulering i § 5:

«Selskapet skal ha eit styre med fem medlemer. Styremedlemene tenestegjer i fire år. Styreleiaren skal ha folkeregistrert adresse i det geografiske området Sogn og Fjordane slik grensene var før 1. januar 2020.

To av medlemene veljast av eigarane av aksjeklasse B. Minst ein av medlemene som vert valde av eigaren av aksjeklasse A, skal ha folkeregistrert adresse i det geografiske området Sogn og Fjordane slik grensene var før 1. januar 2020.

Selskapet sin styreleiari åleine teiknar firmaet.»

---

## **SAK 79/19      Eigarmelding 2019**

### **VEDTAK:**

**Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

1. Fylkestinget tek Eigarmelding 2019 til vitande.
2. Fylkestinget oppmodar Vestland fylkeskommune om å vidareføre Sogn og Fjordane fylkeskommune sin praksis med godt eigarskapsarbeid.

----//----

Fylkesutvalet fann Sigurd Reksnes inhabil til å delta ved drøftinga av Trivselshagen IKS, jf. forvaltningslova § 6 første ledd, bokstav e), nr. 2.

---

## **SAK 80/19      Årdal - Kommuneplan for Årdal kommune 2019 - 2030 - samfunnssdelen**

### **VEDTAK:**

1. Hausten 2019 startar ein ny kommunestyreperiode. For å sikre god politisk forankring vert det tilrådd at planen, inkl. handlingsdelen, vert vedteken av (eller vedteken på nytt av) nytt kommunestyre.
2. Samfunnssdelen skal ha ein handlingsdel, eller må skildre korleis planarbeidet dekker kravet om handlingsdel. Handlingsdelen bør detaljerast slik at målsettingane i planen vert følgt opp gjennom konkrete tiltak. I tillegg bør samfunnssdelen ha føringar for arealdelen. Vi rår til at dette vert ivaretake/innarbeidd i høyringssutkastet.
3. Under tema «Klima og miljø» og «Samfunnstryggleik» bør planen omhandle temaet handtering av overvatn.
4. Under tema «Næringsutvikling» bør planen skildre korleis kommunen i samarbeid med næringslivet skal bidra til det grøne skiftet, og det bør gjevast føringar eller målsettingar knytt til berekraft for satsinga på næringsutvikling.
5. Under tema «Vassmiljø» bør det setjast mål knytt til tilstanden på vassmiljø, og korleis ein skal oppnå dei overordna miljømåla som er sette i Vann-nett og regional plan for vassforvaltning.
6. Temaet Kulturminne og kulturmiljø bør omtalast, og mål, strategiar og tiltak for kulturminne/-miljø bør inngå i samfunnssdelen og handlingsplanen til samfunnssdelen.

**SAK 81/19      Revisjon av Regional planføresegn om lokalisering av handel og kjøpesenter - endelig vedtak**

**VEDTAK:**

**Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

Regional handelsføresegn med retningslinjer vert vedteken slik den ligg føre.

---

**SAK 82/19      Overføring av Astrupkunst**

**VEDTAK:**

**Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

1. Tresnitta «Fugl på stein», «Soleinatt», «Juninatt i hagen», «Maimåne», «Heim frå arbeid» og «Liten kornstaur», jf. vedlegg 1, vert overført til Musea i Sogn og Fjordane v/Sogn og Fjordane Kunstmuseum som gāve.
  2. Sogn og Fjordane fylkeskommune føreset at tresnitta vert verande samla, og forvalta etter museale prinsipp.
  3. Ved formidling/framvising av tresnitta, føreset fylkeskommunen at utstillingar og arrangement i Astrupunet vert prioritert.
- 

**SAK 83/19      NTP 2022-2033, teknologi og framtidas transportinfrastruktur, fråsegn**

**Frå hovudutval for samferdsle låg det føre slik tilråding til vedtak:**

- 1 Fylkeskommunen sluttar seg til ekspertutvalet sine konklusjonar om at ny Nasjonal transportplan 2022-2033 må ta inn over seg den teknologiske utviklinga og leggje til rette for digitalisering og elektrifisering av transportsektoren. I den samanheng ber fylkeskommunen om at det vert utarbeid eit energibudsjet for det vidare arbeidet med NTP
- 2 Det er mange utfordringar som må løysast før digitalisering kan få dei konsekvensane ein ønskjer. Det gjeld t.d. utvikling av digital infrastruktur, informasjonstryggleik, samfunnstryggleik, personvern, utbetring av eksisterande transportinfrastruktur m.m. NTP 2022-33 må drøfte korleis vidare digitalisering skal skje saman med oppgradering av eksisterande infrastruktur, og leggje til rette for at vi får ei ønska utvikling i tråd med nasjonale mål.
- 3 Fylkeskommunane har teke eit stor ansvar i det grøne skiftet med overgang til nullutslepps ferjer, bussar og hurtigbåtar. Dette har fører til store ekstrautgifter både til investering og drift som berre delvis blir kompensert. Innføring av ny teknologi vil vere kostnadskrevjande i ein overgangsfase. Fylkeskommunane må setjast i økonomisk stand til å ta på seg nye utviklingsoppgåver innan innføring av ny teknologi på transportområdet.

- 4 Fylkesutvalet viser til at ny teknologi ikkje fjernar behovet for drift, vedlikehald og oppgradering av transportnettet. Ny NTP 2022-33 må bidra til å setje fylkeskommunane i stand til å løyse utfordringane knytt til etterslep og skredsikring på fylkesvegnettet.
- 5 Fylkesutvalet saknar fokus på dei korte reisene og mjuke trafikantane. Vi bur stadig tettare, og dei mjuke trafikantane vil dominere transportbiletet framover, særleg i byane. Vi ser teknologiutvikling som betrar tilgjenge og auka rekkevidde for langt fleire mjuke trafikantar. Ekspertutvalet har i liten grad vurdert korleis dette påverkar det framtidige transportbehovet.
- 6 Fylkesutvalet er i hovudsak samd med den «stresstesten» ekspertutvalet føreslår for å vurdere om satsingane toler teknologisk utvikling. Vi vil likevel peike på følgjande:
  - a. Ut i frå behovet for ein god arealpolitikk og eit levande bymiljø, samt for å unngå lokal forureining, vil det framleis vere behov for eit resultatmål knytt til nullvekst i personbilar i større byar. Det må unngåast at automatiserte køyretøy fører til ein sterk auke i bilparken, med påfølgjande auke i trafikkutfordringane. For å unngå trengsel og stor trafikkauke, er det behov for kapasitetssterke kollektivaksar.
  - b. Det er framleis behov for eit resultatmål knytt til overføring av gods frå veg til bane og sjø i NTP 2022-33, då det er stor usikkerheit knytt til framtidig utvikling av framdriftsteknologi og autonome godskøyretøy. Store køyretøy tek stor plass, gir lokale utslepp og medfører store utfordringar for avvikling av anna trafikk. Vi må sikre at vi har ein infrastruktur som sikrar god nok kapasitet og sikkerheit.
  - c. Utbygging av både veg og bane mellom Arna og Voss, samt mellom Oslo og Hønefoss må prioriterast sjølv om det kan gje overkapasitet på kort sikt. Kostnadane vert mindre ved samstundes utbygging og prosjekta gir stor innsparing i reisetid. Skredfaren mellom Arna og Voss tilseier også at dette prosjektet må prioriterast i NTP 2022-33.
  - d. Stad skipstunnel må realiserast for å auka tryggleiken og stimulera godstransporten langs kysten

#### **Endringsframlegg:**

**Arbeidarpartiet** sette fram slikt framlegg som tillegg i punkt 2:

Nullutsleppsløysingar fordrar ei framtidig infrastrukturbygging både når det gjeld distribusjon av elektrisitet og forsyningssløysingar innanfor ulik teknologi (t.d. Hydrogen). Dette må vere eit nasjonalt ansvar både når det gjeld utbygging og dekking/fordeling av kostnader.

**Arbeidarpartiet** sette fram slikt framlegg til nytt punkt 7:

Ei stor utfordring for framkomst og sikker vegtransport for mange norske vegar er at dei er rasutsette. Klimaendringar forventast å gje meir flaum og skred i framtida. I den seinare tid har det blitt utvikla ny teknologi og nye metodar for å varsle og utløyse kontrollerte skred i skredutsatte område på ein trygg og kontrollert måte. Teknologiutvikling som inneber andre løysingar enn skredoverbygging og tunnellar kan fleire stader vere alternative skredsikringstiltak. Ein vil derfor understreke viktigheita av auka satsing på utvikling og testing av ny teknologi som alternative tiltak/supplement til tradisjonelle skredsikringstiltak. Ei auka satsing på alternativ skredvarsling og overvåking vil sikre langt fleire raspunkt. Det er viktig å få på plass ei god finansieringsordning for drift av anlegg med skredvarsling, overvaking og skredkontroll.

**Senterpartiet** sette fram slikt framlegg til nytt punkt 8:

Breibandsutbygging må inn som eit tema i NTP med investeringsrammer i planperioden.

#### **Avrøysting:**

Punkta 1, 3, 4, 5 og 6 i hovudutvalet for samferdsle si tilråding vart samrøystes vedtekne.

Arbeidarpartiet sitt framlegg om tillegg i punkt 2 vart samrøystes vedteke.  
Punkt 2 i hovudutvalet for samferdsle si tilråding, med vedteke tillegg, vart deretter samrøystes vedteke.

Arbeiderpartiet sitt framlegg om nytt punkt 7 vart samrøystes vedteke.

Senterpartiet sitt framlegg om nytt punkt 8 vart samrøystes vedteke.

**Dette gir følgjande VEDTAK:**

- 1 Fylkeskommunen sluttar seg til ekspertutvalet sine konklusjonar om at ny Nasjonal transportplan 2022-2033 må ta inn over seg den teknologiske utviklinga og leggje til rette for digitalisering og elektrifisering av transportsektoren. I den samanheng ber fylkeskommunen om at det vert utarbeidd eit energibudsjet for det vidare arbeidet med NTP.
- 2 Det er mange utfordringar som må løysast før digitalisering kan få dei konsekvensane ein ønskjer. Det gjeld t.d. utvikling av digital infrastruktur, informasjonstryggleik, samfunns-tryggleik, personvern, utbetring av eksisterande transportinfrastruktur m.m. NTP 2022-33 må drøfte korleis vidare digitalisering skal skje saman med oppgradering av eksisterande infrastruktur, og leggje til rette for at vi får ei ønska utvikling i tråd med nasjonale mål. Nullutsleppsløysingar fordrar ei framtidig infrastrukturturbygging både når det gjeld distribusjon av elektrisitet og forsyningssløysingar innanfor ulik teknologi (t.d. hydrogen). Dette må vere eit nasjonalt ansvar både når det gjeld utbygging og dekking/fordeling av kostnader.
- 3 Fylkeskommunane har teke eit stort ansvar i det grøne skiftet med overgang til nullutslepps ferjer, bussar og hurtigbåtar. Dette fører til store ekstrautgifter både til investering og drift som berre delvis blir kompensert. Innføring av ny teknologi vil vere kostnadskrevjande i ein overgangsfase. Fylkeskommunane må setjast i økonomisk stand til å ta på seg nye utviklingsoppgåver innan innføring av ny teknologi på transportområdet.
- 4 Fylkesutvalet viser til at ny teknologi ikkje fjernar behovet for drift, vedlikehald og oppgradering av transportnettet. Ny NTP 2022-33 må bidra til å setje fylkeskommunane i stand til å løyse utfordringane knytt til etterslep og skredsikring på fylkesvegnettet.
- 5 Fylkesutvalet saknar fokus på dei korte reisene og myke trafikantane. Vi bur stadig tettare, og dei myke trafikantane vil dominere transportbiletet framover, særleg i byane. Vi ser teknologiutvikling som betrar tilgjenge og auka rekkevidde for langt fleire myke trafikantar. Ekspertutvalet har i liten grad vurdert korleis dette påverkar det framtidige transportbehovet.
- 6 Fylkesutvalet er i hovudsak samd med den «stresstesten» ekspertutvalet føreslår for å vurdere om satsingane toler teknologisk utvikling. Vi vil likevel peike på følgjande:
  - a. Ut i frå behovet for ein god arealpolitikk og eit levande bymiljø, samt for å unngå lokal forureining, vil det framleis vere behov for eit resultatmål knytt til nullvekst i personbilar i større byar. Det må unngåast at automatiserte køyretøy fører til ein sterk auke i bilparken, med påfølgjande auke i trafikkutfordringane. For å unngå trengsel og stor trafikkauke, er det behov for kapasitetssterke kollektivaksar.
  - b. Det er framleis behov for eit resultatmål knytt til overføring av gods frå veg til bane og sjø i NTP 2022-33, då det er stor usikkerheit knytt til framtidig utvikling av framdriftsteknologi og autonome godskøyretøy. Store køyretøy tek stor plass, gir lokale utslepp og medfører store utfordringar for avvikling av anna trafikk. Vi må sikre at vi har ein infrastruktur som sikrar god nok kapasitet og sikkerheit.
  - c. Utbygging av både veg og bane mellom Arna og Voss, samt mellom Oslo og Hønefoss må prioriterast sjølv om det kan gje overkapasitet på kort sikt. Kostnadane vert mindre ved samstundes utbygging og prosjekta gir stor innsparing i reisetid. Skredfaren mellom Arna og Voss tilseier også at dette prosjektet må prioriterast i NTP 2022-33.

- d. Stad skipstunnel må realiserast for å auke tryggleiken og stimulera godstransporten langs kysten
- 7 Ei stor utfordring for framkomst og sikker vegtransport for mange norske vegar er at dei er rasutsette. Klimaendringar forventast å gje meir flaum og skred i framtida. I den seinare tid har det blitt utvikla ny teknologi og nye metodar for å varsle og utløyse kontrollerte skred i skredutsatte område på ein trygg og kontrollert måte. Teknologeutvikling som inneber andre løysingar enn skredoverbygging og tunnellar kan fleire stader vere alternative skredsikringstiltak. Ein vil derfor understreke viktigeita av auka satsing på utvikling og testing av ny teknologi som alternative tiltak supplement til tradisjonelle skredsikringstiltak. Ei auka satsing på alternativ skredvarsling og overvåking vil sikre langt fleire raspunkt. Det er viktig å få på plass ei god finansieringsordning for drift av anlegg med skredvarsling, overvaking og skredkontroll.
- 8 Breibandsutbygging må inn som eit tema i NTP med investeringsrammer i planperioden.

---

**SAK 84/19      Fv. 303 Seimsdalstunnelen - søknad om fråvik frå krav til storleik på teknisk rom**

**VEDTAK:**

Det vert gjeve fråvik frå krav til storleik på teknisk rom ved fv. 303 Seimsdalstunnelen.

---

**SAK 85/19      Forskottering av fylkesvegprosjekt - gang- og sykkelveg fv. 60 Loen - Solvik/Rake.**

**Frå hovudutval for samferdsle låg det føre slik tilråding til vedtak:**

Søknaden frå Stryn kommune om forskottering av gang- og sykkelveg langs fv. 60 Loen - Solvik/Rake vert ikkje imøtekomen. Prosjektet er ikkje prioritert i handlingsprogram for investeringar på fylkesvegnettet i perioden 2019-2022, og stettar såleis ikkje fylkestinget sine krav til forskottering ut frå vedtekne retningslinjer.

Fylkesutvalet har stor forståing for at Stryn ønskjer å ha ein garanti gjennom forskotering av gang- og sykkelveg mellom Loen og Rake. Vi ser også at Stryn har lagt ned stor innsats i grunnlagsdokument i blant anna reguleringsplan.

Prosjektet er no på 2. plass på marginallista, og etter gjeldande regelverk er prosjektet med det ikkje i posisjon til å kunne oppnå forskotering.

Fylkesutvalet oppmodar Stryn kommune til å jobbe vidare med saka opp mot Vestland fylke sin neste rullering av RTP.

**Endringsframlegg:**

**Kristeleg Folkeparti** sette fram slikt framlegg til tillegg:  
Saka vert å behandle i fylkestinget.

**Fylkesutvalet** sette fram slikt framlegg til vedtak:  
Dersom Stryn kommune sjølv ynskjer å bygge ut gang og sykkelvegen, så kan det eventuelt skje gjennom ein utbyggingsavtale med fylkeskommunen.

**Avrøysting:**

Trude Brosvik og Bjørn Hollevik røysta for framlegget frå Kristeleg Folkeparti, og framlegget vart forkasta.

Tilrådinga frå hovudutval for samferdsle og framlegget frå fylkesutvalet vart samrøystes vedtekne.

**Dette gir følgjande VEDTAK:**

Søknaden frå Stryn kommune om forskottering av gang- og sykkelveg langs fv. 60 Loen - Solvik/Rake vert ikkje imøtekomen. Prosjektet er ikkje prioritert i handlingsprogram for investeringar på fylkesvegnettet i perioden 2019-2022, og stettar såleis ikkje fylkestinget sine krav til forskottering ut frå vedtekne retningslinjer.

Fylkesutvalet har stor forståing for at Stryn ønskjer å ha ein garanti gjennom forskottering av gang- og sykkelveg mellom Loen og Rake. Vi ser også at Stryn har lagt ned stor innsats i grunnlagsdokument i blant anna reguleringsplan.

Prosjektet er no på 2. plass på marginallista, og etter gjeldande regelverk er prosjektet med det ikkje i posisjon til å kunne oppnå forskottering.

Fylkesutvalet oppmodar Stryn kommune til å jobbe vidare med saka opp mot Vestland fylke sin neste rullering av RTP.

Dersom Stryn kommune sjølv ynskjer å bygge ut gang og sykkelvegen, så kan det eventuelt skje gjennom ein utbyggingsavtale med fylkeskommunen.

---

**SAK 86/19      Dispensasjon etter yrkestransportlova § 21 - løyvefritak for småskala turistverksemد.**

**VEDTAK:**

1. Krava i rundskriv N-7/2017 må leggjast til grunn for å ivareta likebehandling på best mogleg måte ved handsaming av søknader om løyvefritak for småskala turistverksemđ.
  2. Løyvefritak til FjordSafari Norway AS (tidl. Flåm Guideservice AS) og Skaldegard AS vert forlenga til 4. juli 2021, med krav i samsvar med tidlegare vedtak. Etter denne dato må det søkjast løyvefritak på nytt.
- 

**SAK 87/19      Søknad om tilleggsløyving - ny veg til Skipavika i Gulen kommune**

**VEDTAK:**

Søknaden om tilleggsløyving til ny veg Sverdhola – Skipavika vert ikkje imøtekomen.

---

**SAK 88/19      Nynorskhuset i Førde - Sogn og Fjordane teater si vidare deltaking**

**VEDTAK:**

**Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

1. Fylkestinget viser til søknad frå Sogn og Fjordane Teater LL av 06.09.2019 og sluttar seg til at teateret inngår avtale om leige i Nynorskhuset i Førde.
  2. Fylkestinget har tillit til at staten, ved Kulturdepartementet, følgjer opp varsle tilskotsauke (2020) når Nynorskhuset måtte stå ferdig (2022). Teateret bør kunne leggje til grunn at også fylkeskommunen følgjer opp med auka tilskot. Fylkestinget viser i så måte til eigen budsjetttrapport pr. 2. tertial 2019, der ein etablerer eit fond på 18 mill kr som kan nyttast til å dekke framtidige fylkeskommunale meirutgifter.
  3. Ein føresetnad for fylkestinget sitt vedtak er at også Førde kommune er positive til at Sogn og Fjordane teater inngår leigeavtale med Nynorskhuset.
- 

**SAK 89/19      Ansvarleg lån til Opplæringsfartøy AS - utviding av låneavtale**

**VEDTAK:**

**Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

1. Fylkeskommunen utvider det rente- og avdragsfrie ansvarlege lånet til Opplæringsfartøy AS frå 1 mill. kr til 3 mill. kr, med gjeldande vilkår.
  2. Låneavtalen for det samla lånet på 3 mill. kr gjeld fram til 31.12.2021. Ved ev. sal av fartøyet før denne tid, vil lånet krevjast tilbakebetalt.
  3. Fylkesrådmannen får fullmakt til å undertekne låneavtalen.
  4. Utvidinga av lånet med 2 mill. kr må innarbeidast i budsjett 2019 i samband med tertialrapport 2/19.
- 

**SAK 90/19      Mineralråd**

**Frå hovudutval for næring og kultur låg det føre slik tilråding til vedtak:**

**Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune er innstilt på å delta i eit mineralråd for fylket om dette vert skipa innan utgangen av november 2019. Det er ein føresetnad for deltaking at fylkeskommunen ikkje vert tillagt eit særleg ansvar for rådet, men vert deltar på linje med dei andre.
2. Fylkesutvalet får fullmakt til å gje endeleg svar på slik deltaking. Dette kan gjerast i desember 2019. Fullmakta omfattar også utpeiking av fylkeskommunal representasjon, samt å yte ev. økonomisk bidrag innanfor den ramma som vert vedteken i fylkestinget sin budsjetttrapport pr. 2. tertial 2019.

**Endringsframlegg:**

**Arbeidarpartiet, Høgre og Senterpartiet** sette fram slikt framlegg som nytt punkt 3.

Sogn og Fjordane fylkeskommune oppmodar Vestland Fylkeskommune om å finansiere og følgje opp mineralrådet vidare.

**Avrøysting:**

Tilrådinga frå hovudutval for næring og kultur var samråystes vedteke.  
Framlegget frå Arbeidspartiet, Høgre og Senterpartiet vart samråystes vedteke.

**Dette gir følgjande VEDTAK:**

**Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune er innstilt på å delta i eit mineralråd for fylket om dette vert skipa innan utgangen av november 2019. Det er ein føresetnad for deltaking at fylkeskommunen ikkje vert tillagt eit særleg ansvar for rådet, men vert deltar på linje med dei andre.
  2. Fylkesutvalet får fullmakt til å gje endeleg svar på slik deltaking. Dette kan gjerast i desember 2019. Fullmakta omfattar også utpeiking av fylkeskommunal representasjon, samt å yte ev. økonomisk bidrag innanfor den ramma som vert vedteken i fylkestinget sin budsjettrapport pr. 2. tertial 2019.
  3. Sogn og Fjordane fylkeskommune oppmodar Vestland Fylkeskommune om å finansiere og følgje opp mineralrådet vidare.
- 

**SAK 91/19      Tertiアルrapport 2/19**

**Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:**

**Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

**A. Det vert gjort slike endringar i driftsbudsjettet for 2019**

- 1 Budsjettet fylkesskatt vert auka med 5,000 mill. kr
- 2 Rammetilskotet vert auka med 1,900 mill. kr
- 3 Lokale inntekter vert auka med 44,000 mill. kr
- 4 Bruk av bundne fond vert auka med 7,434 mill. kr og bruk av disposisjonsfond vert auka med 6,599 mill. kr
- 5 Utlån til andre vert auka med 2,000 mill. kr
- 6 Driftsmidlar til investering vert auka med 2,180 mill. kr
- 7 *Teneste 4009 Avsett til løns- og prisvekst vert redusert med 28,433 mill. kr  
Sektorbudsjetta vert auka med 23,322 mill. kr i tråd med vedlegg 2.*
- 8 Sektorbudsjettet til politisk styring, plan og forvaltning, teneste 4210 Bygge- og eigedomsforvaltning, vert auka med 1,200 mill. kr.
- 9 Sektorbudsjettet til opplæring vert redusert med 1,200 mill. kr med slik fordeling:  
*Teneste 5100 Utgifter til lokale vert redusert med 4,200 mill. kr  
Teneste 5210 Utdanningsprogramma vert redusert med 6,000 mill. kr  
Teneste 5202 Gjesteelevar vert auka med 0,800 mill. kr  
Teneste 5701 Opplæring i bedrift vert auka med 8,000 mill. kr  
Teneste 5901 Privatisteksamen vert redusert med 0,700 mill. kr  
Teneste 5313 Jordbrukskulegardar vert auka med 0,900 mill. kr*

10 Sektorbudsjettet til samferdsle vert redusert med 1,800 mill. kr med slik fordeling

Teneste 7223 Fylkesvegar – uføresette hendingar vert auka med 3,400 mill. kr

Teneste 7303 Ungdomstilbod vert redusert med 0,500 mill. kr

Teneste 7306 Diverse kollektiv vert redusert med 4,200 mill. kr

Teneste 7321 Båt – diverse vert redusert med 1,500 mill. kr

Teneste 7322 Båt – ekspress vert auka med 1,500 mill. kr

Teneste 7331 Tilrettelagt transport vert redusert med 0,500 mill. kr

11 Sektorbudsjettet til nærings og kultur vert auka med 25,620 mill. kr med slik fordeling:

Teneste 7011 Kommunikasjonsteknologi (breiband) vert auka med 4,190 mill. kr.

Fylkesrådmannen får fullmakt til å tildele ihht. prioritert liste i HNK-sak 41/19.

Teneste 7015 Nyskaping vert auka med 14,310 mill. kr.

Teneste 7012 Bransjeretta satsingar vert auka med 1,500 mill. kr. Fylkesutvalet får ansvaret for å følge opp denne løvwinga. Jf. samtidig sak om Mineralråd.

Teneste 7500 Kulturminnevern vert redusert med 0,380 mill. kr

Teneste 7750 Idrett vert auka med 6,000 mill. kr.

12 Avsetjing til disposisjonsfond vert auka med 42,044 mill. kr, med slik fordeling:

- «Nynorskhus» i Førde med 18,000 mill. kr

- Skadefond for fylkesvegnettet med 24,044 mill. kr

**B. Det vert gjort slike endringar i kapitalbudsjettet for 2019**

- 1 Investeringsprogrammet for bygg med tilhøyrande finansieringsplan vert endra i samsvar med vedlegg 5.
- 2 Investeringsprogrammet for fylkesvegar med tilhøyrande finansieringsplan vert endra i samsvar med vedlegg 6.

**C. Andre områder**

1 Rapportering på finansporteføljen i vedlegg 8 vert teken til vitande.

2 Rapportering på konsesjonskraftomsetjing i vedlegg 9 vert teken til vitande.

**Endringsframlegg:**

**Fylkesutvalet** sette fram slikt framlegg til vedtak:

Ramma til utbygging av hurtigladestasjonar vert styrka med 2 millionar. Skadefondet for fylkesvegnettet vert redusert tilsvarende.

**Avrøysting:**

Framlegget frå fylkesutvalet vart samrøystes vedteke.

Fylkesrådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

**Dette gir følgjande VEDTAK:**

**Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

**A. Det vert gjort slike endringar i driftsbudsjettet for 2019**

1 Budsjettert fylkesskatt vert auka med 5,000 mill. kr

2 Rammetilskotet vert auka med 1,900 mill. kr

- 3 Lokale inntekter vert auka med 44,000 mill. kr
- 4 Bruk av bundne fond vert auka med 7,434 mill. kr og bruk av disposisjonsfond vert auka med 6,599 mill. kr
- 5 Utlån til andre vert auka med 2,000 mill. kr
- 6 Driftsmidler til investering vert auka med 2,180 mill. kr
- 7 *Teneste 4009 Avsett til løns- og prisvekst vert redusert med 28,433 mill. kr  
Sektorbudsjetta vert auka med 23,322 mill. kr i tråd med vedlegg 2.*
- 8 Sektorbudsjettet til politisk styring, plan og forvaltning, vert auka med 3,200 mill. kr. Med slik fordeling:  
*Teneste 4210 Bygge- og eigedomsforvaltning, vert auka med 1,200 mill. kr.  
Teneste 7154 Utviklingstiltak klima vert auka med 2 mill. kr.*
- 9 Sektorbudsjettet til opplæring vert redusert med 1,200 mill. kr med slik fordeling:  
*Teneste 5100 Utgifter til lokale vert redusert med 4,200 mill. kr  
Teneste 5210 Utdanningsprogramma vert redusert med 6,000 mill. kr  
Teneste 5202 Gjesteelevar vert auka med 0,800 mill. kr  
Teneste 5701 Opplæring i bedrift vert auka med 8,000 mill. kr  
Teneste 5901 Privatisteksamen vert redusert med 0,700 mill. kr  
Teneste 5313 Jordbrukskulegardar vert auka med 0,900 mill. kr*
- 10 Sektorbudsjettet til samferdsle vert redusert med 1,800 mill. kr med slik fordeling  
*Teneste 7223 Fylkesvegar – uføresette hendingar vert auka med 3,400 mill. kr  
Teneste 7303 Ungdomstilbod vert redusert med 0,500 mill. kr  
Teneste 7306 Diverse kollektiv vert redusert med 4,200 mill. kr  
Teneste 7321 Båt – diverse vert redusert med 1,500 mill. kr  
Teneste 7322 Båt – ekspress vert auka med 1,500 mill. kr  
Teneste 7331 Tilrettelagt transport vert redusert med 0,500 mill. kr*
- 11 Sektorbudsjettet til næring og kultur vert auka med 25,620 mill. kr med slik fordeling:  
*Teneste 7011 Kommunikasjonsteknologi (breiband) vert auka med 4,190 mill. kr.  
Fylkesrådmannen får fullmakt til å tildele ihht. prioritert liste i HNK-sak 41/19.  
Teneste 7015 Nyskaping vert auka med 14,310 mill. kr.  
Teneste 7012 Bransjeretta satsingar vert auka med 1,500 mill. kr. Fylkesutvalet får ansvaret for å følge opp denne løvvinga. Jf. samtidig sak om Mineralråd.  
Teneste 7500 Kulturminnevern vert redusert med 0,380 mill. kr  
Teneste 7750 Idrett vert auka med 6,000 mill. kr.*
- 12 Avsetjing til disposisjonsfond vert auka med 40,044 mill. kr, med slik fordeling:
  - «Nynorskhus» i Førde med 18,000 mill. kr
  - Skadefond for fylkesvegnettet med 22,044 mill. kr

#### **B. Det vert gjort slike endringar i kapitalbudsjettet for 2019**

- 1 Investeringsprogrammet for bygg med tilhørende finansieringsplan vert endra i samsvar med vedlegg 5.
- 2 Investeringsprogrammet for fylkesvegar med tilhørende finansieringsplan vert endra i samsvar med vedlegg 6.

#### **C. Andre områder**

- 1 Rapportering på finansporteføljen i vedlegg 8 vert teken til vitande.
  - 2 Rapportering på konsesjonskraftomsetjing i vedlegg 9 vert teken til vitande.
- 

## **SAK 92/19 Skriv og meldingar fylkesutvalet 2. oktober 2019.**

### **Følgjande skriv og meldingar vart handsama:**

- 1: Status i arbeidet med reguleringsplan for Atløysambandet
  - 2a: Fv. 57 Dale - Storehaugen - Status prinsippsak om delvis bompengefinansiering
  - 2b: Prinsippsak om delvis bompengefinansiering av fv. 57 Dale - Storehaug – tilbakemelding etter høyringa
  - 3a: Vedk. Trivselshagen IKS: Trivselshagen IKS, kort oppsummering frå eigarmøte 15.08.19
  - 3b: Brev frå Gloppen kommune datert 02.09.19 - oppfølging av rapporten om Trivselshagen
  - 3c: Svar frå fylkeskommunen datert 23.09.19 - oppfølging av rapporten om Trivselshagen
  - 4a: E-post frå adm.dir. i Skyttel, Vidar Raa
  - 4b: Brev frå Skyttel datert 27.06.19 - endringar i aksjekapital og vedtekter ved fylkessamslåing
  - 4c: Om Skyttel - endring formål
  - 4d: Vedtekter Skyttel AS
  - 5: Pressemelding Ferde datert 04.09.19
  - 6: Protokoll frå ekstraordinær generalforsamling for Sogn og Fjordane Teater LL
  - 7a: TV-aksjonen NRK, CARE 2019: Oppmading om bidrag
  - 7b: Oversikt over innsamla summar i Sogn og Fjordane 2018
- Vedtak:**  
Fylkesutvalet løyver kr 75 000,- til TV-aksjonen 2019, med dekning frå kontoen «fylkesutvalet til disposisjon»
- 8: Vedk. overføring av oppgaver og myndighet - Forskrift om fastsetting av myndighet mv. etter kulturminneloven
  - 9: Dura Municipality Palestine
  - 10: Søknad om støtte til prosjektstilling for nynorsk
  - 11a: Søknad om tilskot til Bystien Førde Opp / NM motbakke 2020 - med NM-veke
  - 11b: Svar frå fylkeskommunen, datert 05.09.2019
  - 11c: Søknad om støtte til NM motbakkeløp, med NM-veke, datert 21.08.19
  - 11d: Budsjett NM-veka 27. – 29. august 2020
  - 11e: Søknad om tilskot
- Vedtak:**  
Fylkesutvalet kjem tilbake til denne søknaden i neste møte.
- 12: Informasjon frå KS til alle folkevalde
-